

# Skulesamarbeid mellom Austebygd skule og Underwood Public School/ Vestnorsk Utvandringscenter

## Informasjon om prosjektet:

*History Link er eit samarbeidsprosjekt mellom skular i Nordhordland, Fergus Falls og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) avdeling Vestnorsk utvandringscenter (VUS). Hovudmålet er å etablere samarbeidsprosjekt der elevar og lærarar deler erfaringar og kunnskap med kvarandre. Prosjektet er organisert gjennom ein søsterbyavtale mellom regionen Nordhordland og Fergus Falls i USA. I Noreg er det MuHo og VUS som har ansvar for planlegging, oppfølging og rapportering frå prosjektet. Følgande skular er med på prosjektet 2016-18: Rossland ungdomsskule (9. trinn), Austebygd barneskule (5.- 7. Trinn), Underwood Public School (6th grade) og Kennedy Secondary school (8th grade). Dei to barneskulane og dei to ungdomsskulane skal samarbeide og har særleg kontakt med kvarandre, men her er også høve til å utvikle større prosjekt som involverer fleire trinn. Det er eit mål at samarbeidet skal halde fram også etter prosjektperioden og såleis først vidare til nye klasser. Det er også eit mål å etterkvart trekke fleire skuleklassar inn modellen, både her i Noreg og i USA.*

Også i år kjem Austebygd skule til å ha eit samarbeid med Underwood Public School i Minnesota. I fjor blei det sendt pakkar og brev att og fram mellom klassane, og det blei og utveksla nokre filmar, digitale historiar og elevarbeid (t.d. temaarbeid i samfunnsfag og engelsk). Dette opplevde skulen og elevane som svært nyttig for å trene på engelsk munnleg og skriftleg, samstundes som elevane syntes det var kjekt med kulturutvekslinga.

Me kjem til å gjera noko tilsvarande i år, der ein kjem til å senda litt meir digitalt for å få kjappare progresjon i samarbeidet (postgangen tek stundom lang tid).

Me er sjølvsagt svært nøye med kva bilete og personopplysningar som vert delt frå oss til skulen i USA, slik at elevane sitt beste blir ivareteke. Det materialet som vert utveksla skal frå skulanes side kun nyttast internt i skulesamanheng. I samband med dette vil me henta inn ei ekstra godkjenning frå heimane for å sikra oss at de er godt informert.

.....

Eg samtykker til at mitt barn kan delta i samarbeidsprosjektet med Underwood Public School i Minnesota. Skulen kan nytta bilete og namn i brevveksling med elevane der og i utveksling av elevarbeid.

---

Elevens namn

---

Underskrift føresette